



KLEPP KOMMUNE



# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

2016 – 2019

Godkjent av kommunestyret 14.11.2016

# INNHALD

## **Innhald**

Føremål	s 3
Definisjon	s 3
Ulike typar vald	s 3
Verknader av vald	s 3
Omfang av vald	s 3
Førebygga	s 6
Oppdaga og handla	s 7
Ivareta, følgja opp og behandla	s 8
Implementering og evaluering	s 9

## **Visjon: Barna vår framtid**

### **Kommunen sine verdier :**

Romsleg og robust

Aktiv og trygg

Bruk og bærekraft

## **FØREMÅL**

Alle innbyggerane i Klepp skal ha ein trygg kvardag.

Vi veit at vald skjer i alle samfunnslag. For innbyggerane sitt beste, må vi våga å tenka det verste.

Handlingsplanen har tre overordna mål :

1. Førebygga
2. Oppdaga og handla
3. Ivareta og følga opp

## **DEFINISJON**

Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil. ( Grøndahl 2007)

## **ULIKE TYPAR VALD**

- Fysisk (eks. slag, spark, bitt, kvelartak, halding, øyrefik)
- Psykisk (eks. truslar, trakassering, kontrollerande åtferd)
- Materieil (eks. knusa eller kasta ting, slå i vegg /dør )
- Seksuell (eks. seksuell trakassering , valdtekt, incest)
- Latent (eks. få nokon til å gå på nåler, vera på vakt , venta på valden)  
(Per Isdal )

## **VERKNADER AV VALD**

Å leva i ein familie med vald, er ei skjult lidning for dei som vert utsette for det. For eit barn er det som å leva i ei krigssone utan at det vert snakka om det.

For offera som vert utsette for, eller vitne til vald, kan symptoma vera vanskar med konsentrasjon, aggresjon, angst, depresjon, låg sjølvkjensle, skuldkjensle, manglande sosiale ferdigheiter. Psykiske vanskar eller rusproblem kan bli følger av dette.

## **OMFANG AV VALD**

### **Barn**

I Noreg reknar ein med at det finst om lag 100 000 barn som opplever og lever med vald i nære relasjonar. Overført til Klepp vert dette 360 barn som til ein kvar tid opplever vald. Rundt 40 % utviklar varige psykiske problem visst dei ikkje får hjelp til å bearbeida opplevingane

Konsultasjonsteamet i kommunen som blei oppretta i 2010, har i snitt tatt opp 7 saker i året.

## **Ungdom**

NOVA 2007 gjennomførte ei undersøkning blant 7333 avgangselevar frå vgs:

2% opplevde høgfrekvent vald frå begge foreldre

8% opplevde høgfrekvent vald frå ein forelder

7% opplevde fysisk vald frå begge foreldre

25% opplevde fysisk vald frå ein foreldre

10% hadde i oppveksten sett eller høyrte minst ein av foreldra bli utsette for fysisk vald

6% hadde i oppveksten sett eller høyrte minst ein av foreldra bli utsette for grov fysisk vald en

2% hadde opplevd grov partnervald mot mor

### Ungdata Klepp

Ungdomsundersøkinga er gjennomført i Klepp i 2010, 2013 og 2016 viser at det i snitt er 11% av dei som har svart, som har blitt utsette for truslar om vald, 18% har blitt slått utan å få merke, og 2% har blitt skada så alvorleg at det krevde legebehandling.

## **Vaksne**

Ein rapport frå Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress (2014) viser at 20,7 % av kvinnene og 17,6 % av mennene oppga at dei hadde vore utsette for nokon form for vald eller seksuelt overgrep frå partner.

Politiet sin statistikk viser rundt 225 valdssaker årleg på Jæren siste to åra (2014, 2015). Mens 72 av desse var vald i nære relasjonar i 2014, steig talet til 101 i 2015.

## **Familiar med innvandrarbakgrunn**

SSB har hatt ei levekårsundersøking som viser at innvandrerbefolkninga ikkje er meir utsette for vald og truslar enn befolkninga sett under eitt.

Det er usikkerheit kring dette:

«Det er ikke lett å måle det «sanne» omfanget av vold og trusler. Spørsmål om dette kan oppfattes som sensitive. Kanskje er det særlig vanskelig å fange opp vold og trusler som forekommer i hjemmet, blant innvandrere som ellers i befolkningen. Det kan også tenkes at opplevelser av vold og utrygghet farges av hvor man kommer fra. Dersom en kommer fra et voldelig samfunn, der man kanskje ser flere episoder av vold i løpet av uka, kan Norge oppleves relativt trygt. Har man derimot vært lenge i Norge, kan det tenkes at man får en annen standard for hva som oppleves som voldelig og truende». (Levekår blant innvandrere i Norge 2005/2006. Blom og Henriksen 2008)

## Eldre

I artikkelen "Fakta om overgrep mot eldre" framgår det at mellom 4 og 8 prosent av eldre over 65 år blir utsette for vald og overgrep. Dette skjer i dei eldre sine heimar, hos slektningar, på sjukehus og institusjonar. Det kan vera personalet, ektefelle, barn, barnebarn eller andre som står den eldre nær, som utøver valden. NOVA 2006.



## Førebygga

Tiltak	Ansvar	Tidsrom
Helsestasjonen skal gje informasjon til føresette om skadeverknader for barn som er vitne til eller sjølv vert utsatt for vald .	Helsestasjon	Kontinuerleg
Barnehagar og skular skal ha temaet med i planane. Barnehagane og skular skal ha eigne handlingsplanar mot mobbing og trakassering.	Styrarar, rektorar	Årleg
Informasjon til innbyggjarar og tilsette skal vera tilgjengeleg på kommunen si heimeside.	Helse og velferd	2016- 2017
Tilsette som tek imot flyktningar, skal gje informasjon til føresette om norske lovverk og om skadeverknader for barn som er vitne til, eller sjølv utsette for vald.	Flyktningetenesta	Kontinuerleg
Tilsette i kommunen skal ha den kompetanse dei treng for å førebygga, avdekka og melda frå om mistanke om vald. Sjå punkt 2 – «Oppdaga og handla»	Leiarar	Kontinuerleg



Oppdaga og handla	
Tiltak	Ansvar
Tilsette skal vita kva de skal gjera ved mistanke eller når dei får direkte kjennskap til vald.	Alle tilsette
Tilsette har eit sjølvstendig ansvar og plikt til å melda frå til barnevernet og politiet.	Alle tilsette
Skriftlege prosedyrar skal utarbeidast og vera lett tilgjengelege.	Leiarar
Tilsette skal kjenna til kommunen sine prosedyrar og hjelpetiltak.	Leiarar
Innbyggjarar og tilsette skal finna viktige telefonnummer til ulike hjelpeinstansar på heimesida. Alarmtelefonen 116111 skal gjerast kjende.	Helse og velferd
Innbyggjarar og tilsette kan få råd frå konsultasjonsteamet i kommunen. Det skal sikrast at alle kjenner til konsultasjonsteamet og kva dei kan bidra med.	Helse og velferd
Barn og unge skal ha kjennskap til kor dei kan søka hjelp.	Rektorar



## Ivareta, følge opp og behandla

### Barnevernet

- Sikra at barn og familiar får eit heilskapleg tilbod.
- Følgja opp barn og familiar.
- Sikra samarbeid mellom familien og barnet og dei ulike instansane.

### Politi

- Risikovurdering/samtale ift vald i parforhold (SARA-prosjekt)
- Etterforsking og straffesakar mot valdsutøvar
- Gje tilbod om oppfølgingssamtalar
- Tilvisa vidare til konfliktråd/ mekling

### Kommunale hjelpetilbod

- Lege                                      eigen fastlege
- Legevakta                               116 117
- Helsestasjonen                       51 42 99 60
- Psykolog                                 51 42 99 23 (tirsdager kl 11.00 – 13.00)
- Barnevern                               51 42 99 50
- Konsultasjonsteamet               474 53 956/ 900 62 792  
for vold                                   [konsultasjonsteam.for.vold@klepp.kommune.no](mailto:konsultasjonsteam.for.vold@klepp.kommune.no)

### Aktuelle gratis hjelpe- og behandlingstilbod

Dei som har kontakt med barn og familiar skal informera om aktuelle tilbod og hjelpa med tilvising.

<b>Barnevernvakta (kveld og helg)</b>	<b>Tlf. 905 41 321 / ( 02800 politiet )</b>
Krisesenteret i Stavanger. døgnoppe	Tlf. 51 53 06 23
Krisesenteret for menn, Stavanger. døgnoppe	Tlf. 51 53 22 27
Valdtekstmottaket for Sør- Rogaland, Stavanger legevakt. døgnoppe	Tlf. 902 40 200 / ( 116 117 Stavanger legevakt)
Statens barnehus, Stavanger.	Tlf. 51 51 03 30
SMISO. Senter mot incest og seksuelle overgrep. Graversveien 36, Sandnes.	Tlf. 51 97 19 00 / 924 62 929
ALARMTELEFONEN for barn og unge	Tlf. 116 111
Vern for eldre - Nasjonal kontakttelefon mandag – fredag kl. 09.00 – 15.00	Tlf. 800 30 196.
Nasjonal veiviser ved vold og overgrep	dinutvei.no



## Implementering og evaluering

**Oppvekstgruppa** har overordna ansvar for at Handlingsplanen mot vald i nære relasjonar blir teken i bruk.

1. Planen skal gjerast kjend for tilsette og innbyggjarar.
2. Leiarane skal sikra at planen vert følgt opp i si avdeling.
3. Oppvekstgruppa har ansvar for at planen vert evaluert innan utgangen av 2019.

